

# SAKSFRAMLEGG

Saksbehandlar:	Hildegunn Pedersen	Arkiv:	K2-A00, K3-&14
Arkivsaksnr:	22/951 22/22475		

## Oppvekstrapport 2022

Utval:	Møtedato:	Saksnr.:
Fagutvalet for oppvekst	08.09.2022	028/22
Kommunestyret	22.09.2022	055/22

### Kommunedirektøren si innstilling:

Sula kommunestyre tek oppvekstrapporten for barnehagane, skulane og TBU 2021 – 2022 til vitande.

Tittel	Dok.ID
Oppvekstrapport 2022	604019
Oppvekstprofil 2022	604020
Oppvekstrapport - Sula ungdomsskule 2022	598392
TBU - Oppvekstrapport 2022	596473
Langevåg barnehage - Oppvekstrapport 2022	596178
Måseide barnehage - Oppvekstrapport 2022	596051
Molvær barnehage - Oppvekstrapport 2022	594959
Sunde barnehage - oppvekstrapport 2022	594707
Solevåg skule og SFO - Oppvekstrapport 2022	592600
Måseide og Fiskarstrand skular - oppvekstrapport	592612

### 08.09.2022 Fagutvalet for oppvekst

Fagutvalet for oppvekst var samrøystes einige om Kommunedirektøren si innstilling med eit tillegg om at dei ønskjer presentasjon av rapporten i kommunestyret.

### OP-028/22 Vedtak:

Sula kommunestyre tek oppvekstrapporten for barnehagane, skulane og TBU 2021 – 2022 til vitande.

Fagutvalet for oppvekst ønskjer at rapporten blir presentert for kommunestyret.

### 22.09.2022 Kommunestyret

Kommunalsjef oppvekst orienterte.

Innstillinga vart samrøystes vedtatt.

## **K-055/22 Vedtak:**

Sula kommunestyre tek oppvekstrapporten for barnehagane, skulane og TBU 2021 – 2022 til vitande.

### **Bakgrunn for saka:**

Tidlegare var det fastsett i Opplæringslova §13-10 at skuleeigar hadde plikt årleg til å utarbeide ein rapport om tilstanden i grunnskuleopplæringa. Med ny kommunelov er §13-10 erstatta med Kommuneleoven § 25-1.

Det er viktig at styringsorgana i kommunene har eit bevisst og kunnskapsbasert tilhøve til kvaliteten på grunnopplæringa. Dette er nødvendig for å følgje opp utviklinga av sektoren på ein god måte. Den årlege rapporten skal drøftast av skuleeigar, dvs kommunestyret.

Med omsyn til det heilskaplege opplæringsløpet og samarbeidet innad i sektoren er det naturleg at rapporten også har med informasjon frå barnehagane og TBU. Dette også som eit ledd i internkontrollen.

### **Saksopplysningar:**

Hovudvekta på rapporten er på grunnskule. Grunnskulen har per dato meir data og statistikk som det er forventa at ein rapporterer på. Resultata i skulen skal og kan målast på ein annan måte enn i barnehage og TBU. I skulen vert vert resultata målt ved t.d. nasjonale prøver, elevundersøkinga, standpunktarakterer og eksamen.

Kvart år utarbeider barnehagane sine lovpålagte årsplanar. Årsplanane er i seg sjølv ein type «tilstandsrapport» for barnehagane. Planane tek for seg progresjon gjennom leik og læring, pedagogisk profil, foreldresamarbeid, språk og utvikling, fagområda m.m. Årsplanane er å finne på barnehagane sine heimesider.

Barnevern har eit lovpålegg om å legge fram sin eigen tilstandsrapport og dette blir også i år gjort, barnevern er difor berre så vidt nemnt i denne rapporten.

### **Vurdering:**

Det er svært knappe økonomiske rammer i oppvekstsektoren i Sula kommune. Spesielt er dette merkbar i skule, PPT og barnevern.

Dei kommunale barnehagane har bemanning innafor lovkravet og i dei kommunale barnehagane har vi ingen pedagogar på dispensasjon. Helsestasjonen innfrir, ved hjelp av styringsmidlar, normkravet til skulehelsetenesta. I skulane innfrir ein lovkravet (lærarnorm) med knappast mogleg margin og det er jamt over fleire elevar per lærar enn dei vi kan samanlikne oss med. I PPT og barnevern har kvar tilsett ei stor mengde saker og fleire enn i samanliknbare kommuner.

Til tross for knappe rammer så har ein i oppvekst framoverlente leiarar og tilsette som gjer at det er utvikling og framgang på mange område. Elevar i skulane og foreldre/føresette i skular og barnehagar er jamt over tilfredse med det tilbodet som blir gitt.